

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Torsdag 25. januar 2018

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Anders Rem, Trond Håvoll, Jan Ole Fuglem, Einar Hoel, Ida Kristoffersen Rem, Børge Heggen Johansen, Harald Vestre, Liv Marit Indreeide, Monica Henden, Kenneth Hovden

Sak 01/18 Informasjon frå gruppene og styret

Trimgruppa: Nyttårsmarsj, ca 47 stk som gjekk.

Friidrett: Utenom sesong.

Fotballgruppa: Stor aktivitet i fotballgruppa, påmeld ungdomsfotball for sesongen, alle påmeldte, 52% jenter, 11 lag påmeldt,

Skigruppa: Stor aktivitet for tida, godt oppmøte på alle treningar, smørekurs, skikafeen går sin gang, 10 dagar til Midt-Norsk mesterskap, ca 100 forhåndspåmelde, reknar med der kjem til mange fleire enno

Styret: Leiari har vore på møte for planlegging av bygdafest, 24. mars (palmelaurdag), idrettslaget får hovudsaklig oppgåver med henting av dekke til hall, rigging og rydding. Søkt om NM motbakkeløp i 2019, søknaden har kome fram, og blir avgjort i februar. Landbruksavdelinga hos fylkesmannen har gjeve avslag søknad om bygdemobilisering.

Fått spelemidlar tidtakarutstyr.

30. april frist for rapportering Klubbadmin, 290 medlemmar ved årsskiftet, enno ein jobb å gjere der.

Fått mykje skryt for klubbhuset!

Fått spørsmål om vi skal selje dei gamle borda. Verdien for oss ved å hehalde dei er større. Går for å behalde borda inntil vidare.

Husleigesatsane må opp på neste møte.

Merking av brann-/rømningsvegar

Sak 02/18 Arbeid i lysløypa

Innleigd arb.kraft frå Bygdeservice vart litt dyrare enn det ein antok. Må finne ut korleis vi finansierer det arbeidet som er gjort – skigruppa el. hovudlaget. Ta ein diskusjon på korleis fordele kostn, arbeidsfordeling, innad i arbeidsgruppa. Saka burde vore oppe i styret først. Store straumutgifter. Lysa på kunstgrasbana står på unødig no utanom sesong. Saman med lysa i lysløypa dreg dette store straumutgifter. Kan vere ei løysing å tape over lysbrytaren. Sjekke straumtariffar.

Sak 03/18 Speakeranlegg på stadion og kunstgrasbana

Bestilt ny forsterkar med nye mikrofonar, står i rack, flytte imellom, neste steg eige anlegg på kunstgrasbana. Styret går inn for trinn 2. Håkon er sett på saka. Skal vere klart til Midt-Norsk mesterskap.

Sak 04/18 Marknad 2018 - Olsok

Marknad: Laurdag 7.april, laurdag etter påske. Komité: Anders Rem, Liv Marit Indreeide, Anne Lene Hjelle.

Olsok: helga 27.-29. juli. Anders og Torgeir vil starte arbeidet med å tenke program. Tina bør også spørjast om å vere med på planlegginga. Monica Henden ønskjer å vere med i matkomitéen, for å oppdatere innkjøpslister.

Sak 05/18 Årsmøter 2018 – Styremøter 1.halvår

Onsdag 21. mars	Årsmøte i hovedlaget til VIL
Onsdag 7.mars	Friidrettsgruppa
Måndag 12.mars	Discsport
Tysdag 13.mars	Trimgruppa
Onsdag 14.mars	Skigruppa
Torsdag 15.mars	Fotballgruppa
Fredag 16.mars	Disksport

Valnemnda må snart i sving. Manglar framleis eitt medlem i valnemnda. Trond spør Anne Marit Rørtveit.

Sak 06/18 100 års jubileum i 2019

Gruppene skal finne eit medlem som skal sete i ei planleggingsnemnd/idènemnd. Desse har til no sagt seg villig til å sete i ei slik nemnd: Amund K. Sunde , Signe Brenna (tidlegar leiar), Ida Kristoffersen Rem (trimgruppa). Dette må på plass ganske snart.

Oppstartsmøte så raskt alle meldemmar er på plass. Ski, fotball og disc. Einar seier seg villig til å sete i nemnda. Han kallar inn til første møte.

Jubileumsdagen: 18.november 2019 (skipa 19. november 1919)

Styremøter: **22.febr., 19.mars, 26.april, 7.juni**

Sak 07/18 Fjellbakken AS

Forespegla lite arbeid. Sondere litt om korleis ein kan kome seg ut av dette samarbeidet.

Forslag om å spørje Marius Høihjelle. Anders spør. Trond stiller på vidare, dersom Marius blir med.

Møtet slutt kl. 22.30

Liv Marit Indreeide

-referent